

**Kvartalsrapport**  
**pr. 31.03.2022**

## KVARTALSRAPPORT PR. 31.03.2022

### Resultat

Banken har pr. 31.03.2022 oppnådd ein rentenetto på kr. 17,1 mill. Rentenettoen utgjør i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,59 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen på kr. 14,95 mill., tilsvarande 1,54 % av gfk. Rentenettoen i kroner har auka med kr 2,2 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Auke i rentenetto i kroner skuldast auke i utlån kombinert med at utlånsrenter har auka meir enn innskots- og andre innlånsrenter.

Netto andre driftsinntekter pr. 31.03.2022 er på kr 7,4 mill. som er kr 4,0 mill. høgare enn pr. 31.03.2021. I år har ein i første kvartal kunne inntektsføre vinstar på banken sine verdipapir. I første kvartal i 2021 måtte ein kostnadsføre tap.

Sum driftskostnader ligg på same nivå som fjoråret.

Det har ikkje vore tapsføringar i perioden, og ein har inntektsført kr 0,266 mill. under denne posten.

Pr 31.03.2022 er resultat etter skatt og andre inntekter og kostnader kr 10,8 mill. mot kr 6,6 mill. på same tidspunkt i 2021.

### Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 31.03.2022 er på kr 4.362,5 mill. Auke i forvaltningskapital siste 12 månader er på kr 407,8 mill. (10,31 %). Forretningskapitalen, som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 31.03.2022 på kr 5.090,6 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 338,8 mill. (7,13%).

Netto utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 3.421,4 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 237,8 mill. eller 7,47 %. Utanfor balansen har banken pr. 31.03.2022 overført kr 728,1 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 797,0 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed auka med kr 168,8 mill. eller 4,24 % dei siste 12 månadane. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 31.03.2021 er fordelt med 25,6 % på næring og 74,4 % på personmarknad og andre sektorar. På same tidspunkt i fjor var fordelinga 27,0 % på næring og 73,0 % på personmarknad og andre sektorar. Innskot frå kundar er bokført med kr 3.167,3 mill. Veksten siste året er på kr 260,1 mill. eller 8,95 %. Banken har langsiktig lånt inn kr 195,5 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har vidare uteståande obligasjonslån for kr 340,7 mill. Banken si innskotsdekning er 91,9 %. I dette nøkkeltalet er lån overført til bustadkredittselskap halde utanfor.

### Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette utlån utgjør kr 44,1 mill. pr. 31.03.2022. Dette er ein reduksjon på kr 23,9 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har gått ned med kr 11,9 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kredittrisikoprofil så langt i 2022.

### Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Pr. 31.03.2022 har banken ein netto ansvarleg kapital på kr 520,9 mill. Heile banken sin netto ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.195,1 mill. gir dette ei rein kjernekapitaldekning på 23,73 %.

Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 31.03.2022 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 24,22 %.

Luster Sparebank rapporterer også kapitaldekning på konsolidert nivå. På konsolidert nivå inngår banken sine eigarandelar i samarbeidande finansinstitusjonar Brage Finans AS og Verd Boligkreditt AS. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 21,58 %, kjernekapitaldekning på 21,83 % og ei kapitaldekning på 22,16 %.

#### **Utsiktene for resten av året**

Luster Sparebank leverer eit godt resultat for første kvartal 2022. Banken sin finansielle stilling er god. Covid-19-pandemien har prega både privatpersonar og bedrifter i heile landet dei siste to åra. Styret synes det er gledeleg å registrera at pandemien har hatt liten innverknad på dei fleste av banken sine kundar, og at banken har klart å yta gode tenester og resultat gjennom ein utfordrande periode.

Norges Bank har auka styringsrenta frå 0 % til 0,75 % frå sommaren 2021, og har samstundes varsla ytterlegare rentehevingar. Saman med kraftig prisauke på ei rekkje varer og tenester kan det bidra til redusert forbruk og investeringar samt svekka gjeldsbetjeningsevne frametter. Styret ser det difor som spesielt viktig å halda fram det gode arbeidet med overvaking og oppfølging av kredittrisikoen i utlånsporteføljen.

Eit høgare rentenivå bidreg samstundes til høgare renteinntekter for banken. Konkurransen om kundane er likevel stor, og rentemarginane i bransjen har vore fallande over tid. Det er såleis viktig å halda fram med å ha god kontroll på kostnadane for framleis å kunne levera konkurransedyktige tenester. Ytterlegare vekst i sal av forsikrings- og spareprodukt vil bidra til å auka inntektsgrunnlaget frå andre produkt og byggja vidare opp under banken som ein heilskapleg tilbydar av finansielle tenester.

**Gaupne, 06.05.2022**

#### **I styret for Luster Sparebank**

Svein Ove Slinde  
Styreleiar

Ove Nyland

Siri Johanne Solberg Dalehaug

Anette Stegegjerdet Norberg

Evelyn Bukve Gunnestad

Jermund Lien Molland  
Banksjef

## RESULTATREKNESKAP

(Tal i heile 1.000)

	31.03.2022	31.03.2021	31.12.2021
Renteinntekter og liknande inntekter	23.909	19.741	83.530
Rentekostnader og liknande kostnader	6.802	4.793	20.006
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>17.107</b>	<b>14.948</b>	<b>63.524</b>
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	3.532	3.569	17.707
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-517	-574	-2.276
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	-195	1.775	7.914
Netto verdiending og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	4.615	-1.357	7.581
Andre driftsinntekter	0	1	6
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>7.435</b>	<b>3.414</b>	<b>30.932</b>
Løn og andre personalkostnader	5.831	5.290	19.639
Andre driftskostnader	4.393	4.898	20.281
Ordinære avskrivningar	216	243	958
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>10.440</b>	<b>10.431</b>	<b>40.878</b>
<b>Tap på utlån, garantiar o.l.</b>	<b>-266</b>	<b>-809</b>	<b>3.474</b>
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>14.368</b>	<b>8.740</b>	<b>50.104</b>
<b>Skattekostnad</b>	<b>3.592</b>	<b>2.185</b>	<b>9.257</b>
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>10.776</b>	<b>6.555</b>	<b>40.847</b>
<b>Utvida resultat</b>			
Andre inntekter og kostnader	-26	7	-816
<b>Totalresultat</b>	<b>10.750</b>	<b>6.562</b>	<b>40.031</b>

## BALANSE

(Tal i heile 1.000)

EIGENDELER	31.03.2022	31.03.2021	31.12.2021
Kontantar og fordringar på sentralbankar	72.503	71.589	70.966
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	270.376	160.381	214.172
Utlån til og fordringar på kundar	3.421.352	3.183.585	3.483.563
Rentebærande verdipapir	0	0	0
Obligasjons- og pengemarknadsfond	407.608	349.823	313.463
Aksjar og grunnfondsbevis	150.454	142.205	147.537
Aksjefond	0	9.550	0
Immaterielle eigendeler	13	91	21
Varige driftsmidlar	7.669	7.456	7.742
Eigendeler ved utsatt skatt	5.368	4.916	5.368
Andre eigendeler	27.195	25.182	28.922
<b>SUM EIGENDELER</b>	<b>4.362.538</b>	<b>3.954.778</b>	<b>4.271.754</b>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	195.508	115.157	195.405
Innskot og andre innlån frå kundar	3.167.302	2.907.221	3.082.429
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	340.684	320.615	345.444
Anna gjeld	16.701	17.270	11.871
Avsetningar	29.960	21.901	34.593
<b>Sum gjeld</b>	<b>3.750.155</b>	<b>3.382.164</b>	<b>3.669.742</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>612.383</b>	<b>572.614</b>	<b>602.012</b>
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>4.362.538</b>	<b>3.954.778</b>	<b>4.271.754</b>
Garantiansvar	32.869	29.136	31.340
Pantsetjingar	245.567	207.719	246.381
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	728.065	797.037	727.030
Gjennomsnitleg forvaltningskapital	4.372.588	3.925.026	4.071.073

## RESULTATANALYSE

(i prosent av gjennomsnittlig forvaltningskapital)	31.03.2022	31.03.2021	31.12.2021
Renteinntekter og liknande inntekter	2,22 %	2,04 %	2,05 %
Rentekostnader og liknande kostnader	0,63 %	0,50 %	0,49 %
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>1,59 %</b>	<b>1,54 %</b>	<b>1,56 %</b>
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,33 %	0,37 %	0,43 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,05 %	-0,06 %	-0,06 %
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	-0,02 %	0,18 %	0,19 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	0,43 %	-0,14 %	0,19 %
Andre driftsinntekter	0,00 %	0,00 %	0,00 %
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>0,69 %</b>	<b>0,35 %</b>	<b>0,76 %</b>
Løn og andre personalkostnader	0,54 %	0,55 %	0,48 %
Andre driftskostnader	0,41 %	0,51 %	0,50 %
Ordinære avskrivningar	0,02 %	0,03 %	0,02 %
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>0,97 %</b>	<b>1,08 %</b>	<b>1,00 %</b>
Tap på utlån, garantiar o.l.	-0,02 %	-0,08 %	0,09 %
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>1,33 %</b>	<b>0,90 %</b>	<b>1,23 %</b>
<b>Skattekostnad</b>	<b>0,33 %</b>	<b>0,23 %</b>	<b>0,23 %</b>
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>1,00 %</b>	<b>0,68 %</b>	<b>1,00 %</b>
<b>Utvida resultat</b>			
Andre inntekter og kostnader	0,00 %	0,00 %	-0,02 %
<b>Totalresultat</b>	<b>1,00 %</b>	<b>0,68 %</b>	<b>0,98 %</b>

## ENDRING I EIGENKAPITAL

(NOK 1 000)	Fond for urealiserte gevinster	Sparebankens fond	Gavefond	Eigenkapital
<b>Eigenkapital pr. 01.01.2019</b>	<b>0</b>	<b>441.308</b>	<b>18.700</b>	<b>460.008</b>
Årsresultat	0	30.540	3.000	<b>33.540</b>
Overført til gavefond klassifisert som gjeld			-3.000	<b>-3.000</b>
<b>Eigenkapital pr. 31.12.2019</b>	<b>0</b>	<b>471.848</b>	<b>18.700</b>	<b>490.548</b>
Ny måling av finansielle eigendeler	38.828			<b>38.828</b>
Reklassifisering gavefond			4.293	<b>4.293</b>
Reduksjon i tapsnedskrivning etter IFRS 9	1.462			<b>1.462</b>
Skatteeffekt på verdiendringar	-21			<b>-21</b>
<b>Eigenkapital pr. 01.01.2020</b>	<b>40.269</b>	<b>471.848</b>	<b>22.993</b>	<b>535.110</b>
Resultat før andre inntekter og kostnader		27.178	3.000	<b>30.178</b>
Poster ført over andre inntekter og kostnader		-290		<b>-290</b>
<b>Totalresultat 31.12.2020</b>		<b>26.888</b>	<b>3.000</b>	<b>29.888</b>
Utbetalt frå gavefond			-2.314	<b>-2.314</b>
Transaksjonar ved fusjon (fusjon er redegjort for i note 37)		3.468		<b>3.468</b>
<b>Eigenkapital pr. 01.01.2021</b>	<b>40.269</b>	<b>502.202</b>	<b>23.679</b>	<b>566.152</b>
Resultat før andre inntekter og kostnader		37.347	3.500	<b>40.847</b>
Poster ført over andre inntekter og kostnader		-816		<b>-816</b>
<b>Totalresultat 31.12.2021</b>		<b>36.531</b>	<b>3.500</b>	<b>40.031</b>
Gåver utdelt av styret i 2021			-4.172	<b>-4.172</b>
<b>Eigenkapital pr. 31.12.2021</b>	<b>40.269</b>	<b>538.731</b>	<b>23.007</b>	<b>602.012</b>
Resultat før andre inntekter og kostnader		10.776		<b>10.776</b>
Poster ført over andre inntekter og kostnader		-26		<b>-26</b>
<b>Totalresultat 31.03.2022</b>		<b>10.750</b>	<b>0</b>	<b>612.762</b>
Gåver utdelt av styret så langt i 2022			-380	<b>-380</b>
<b>Eigenkapital pr. 31.03.2022</b>	<b>40.269</b>	<b>549.481</b>	<b>22.628</b>	<b>612.383</b>

## NOTEOPPLYSNINGAR

### NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskap er utarbeida i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og IFRS som fastsett i "Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak".

Delårsrekneskap er ikkje revidert.

Banken vil unnlate å gi følgjande noteopplysningar etter IFRS:

- 1) IFRS 13. Det blir istaden gitt opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskriften § 7-3.
- 2) IFRS 15.113-128
- 3) IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Delårsrekneskap er utarbeida i henhold til gjeldande IFRS standarder og IFRIC fortolkningar.

Delårsrekneskapet omfattar ikkje all informasjon som blir krevd i eit fullstending årsrekneskap og bør leses i sammenheng med årsrekneskap for 2020.

Rekneskapsprinsipp beskrevet over er blitt nytta ved utarbeiding av åpningsbalanse etter IFRS.

Vi viser til note 20 i årsrapport for 2019 som syner banken sin åpningsbalanse etter IFRS og effektane av denne overgangen.

### Viktige rekneskapestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfeller må ta forutsetningar og må nytte estimat og skjønsmessige vurderingar.

Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande og er basert på historiske erfaringar og forutsetnader om framtidige hendingar som blir vurdert som sansynlege på tidspunkt for utarbeiding av balansen. Det er knytta usikkerhet til dei forutsetningar og forventningar som ligg til grunn for brukte estimat og skjønsmessige vurderingar. I årsrekneskapet er det redegjort nærmare for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tall er i kr 1.000 om ikkje anna er oppgitt.



**NOTE 2 UTLÅN TIL KUNDAR**

	31.03.2022	31.03.2021	31.12.2021
Personkunder	2.533.131	2.316.593	2.550.003
Offentleg sektor	12.421	15.006	12.384
Finans og andre sektorar	18.522	19.240	18.287
<b>Næring</b>			
- Primærnæring	135.988	136.021	140.325
- Industri	35.989	39.387	36.272
- Kraftproduksjon	33.053	33.722	32.896
- Bygg og anlegg	162.021	172.713	196.396
- Handel	53.088	53.332	50.710
- Hotell og restaurantdrift	59.353	61.921	57.715
- Transport	31.117	32.019	31.156
- Eigedomsdrift	310.990	286.544	310.358
- Andre tjenesteytande næringar	58.718	53.000	70.565
- Interesseorganisasjonar	1.912	967	1.896
<b>Sum utlån før nedskrivningar</b>	<b>3.446.303</b>	<b>3.220.465</b>	<b>3.508.963</b>
Trinn 1 nedskrivningar	-7.756	-6.403	-8.452
Trinn 2 nedskrivningar	-2.797	-2.853	-3.258
Trinn 3 nedskrivningar	-1.040	-295	-603
Individuelle nedskrivningar	-14.467	-28.705	-14.222
Tilbakeførte nedskrivningar trinn 1 på lån som kan selges til Verd Boligkreditt AS (lån til personmarknaden)	1.109	1.376	1.135
<b>Sum utlån til og fordringar på kunder</b>	<b>3.421.352</b>	<b>3.183.585</b>	<b>3.483.563</b>
Overført til Verd Boligkreditt AS	728.065	797.037	728.065
<b>Totale utlån</b>	<b>4.149.417</b>	<b>3.980.622</b>	<b>4.211.628</b>

**Fordeling av utlån til kunder utifrå om utlån er vurdert til amortisert kost eller til verkeleg verdi**

	31.03.2022	31.03.2021	31.12.2021
<b>Amortisert kost</b>			
Næringslivskunder	882.229	869.626	928.289
Offentleg sektor	12.421	15.006	12.384
Finans og andre sektorar	18.522	19.240	18.287
Nedskrivning trinn 1	-6.647	-5.027	-7.317
Nedskrivning trinn 2	-2.613	-2.617	-3.067
Nedskrivning trinn 3 modellbasert	-1.004	-294	-602
Nedskrivning trinn 3 individuelle	-14.137	-28.400	-13.916
<b>Sum utlån vurdert til amortisert kost</b>	<b>888.771</b>	<b>867.534</b>	<b>934.058</b>
<b>Verkeleg verdi</b>			
Personkunder	2.533.131	2.316.593	2.550.003
Nedskrivning trinn 1	-1.109	-1.376	-1.135
Nedskrivning trinn 2	-184	-236	-192
Nedskrivning trinn 3 modellbasert	-36	-1	-1
Individuelle nedskrivningar	-330	-305	-305
Tilbakefører trinn 1 då verkeleg verdi av utlån er definert som utlån til amortisert kost + nedskrivning trinn 1	1.109	1.376	1.135
<b>Sum utlån vurdert til verkeleg verdi</b>	<b>2.532.581</b>	<b>2.316.051</b>	<b>2.549.505</b>

Trinn 1 personkunder 01.01	1.135	1.369	1.369
Trinn 1 personkunder ved periodeslutt	1.109	1.376	1.135
<b>Endring resultatføres i utvida resultat</b>	<b>-26</b>	<b>7</b>	<b>-233</b>

Utlån vurdert til amortisert kost	888.771	867.534	934.058
Utlån vurdert til virkeleg verdi	2.532.581	2.316.051	2.549.505
<b>Sum utlån til og fordringar på kundar</b>	<b>3.421.352</b>	<b>3.183.585</b>	<b>3.483.563</b>

## MISLEGHALD OG TAPSUTSETTE, NEDSKRIVING PÅ UTLÅN

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar

	31.03.2022	31.03.2021	31.12.2021
Misleghald næringlivskundar	22.270	40.115	23.365
Misleghald personkundar	1.782	783	770
<b>Brutto misleghaldne engasjement</b>	<b>24.052</b>	<b>40.898</b>	<b>24.135</b>
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	-13.231	-23.954	-13.038
<b>Netto misleghaldne engasjement</b>	<b>10.821</b>	<b>16.944</b>	<b>11.097</b>

Engasjement som er tapsutsett men ikkje misleghaldne

	31.03.2022	31.03.2021	31.12.2021
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	20.049	27.139	23.850
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	-1.871	-4.752	-1.875
<b>Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement</b>	<b>18.178</b>	<b>22.387</b>	<b>21.975</b>

## NEDSKRIVING ETTER IFRS 9

Pr 31.03.2022

	Steg 1 Modellbasert 12 mnd. tap	Steg 2 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Individuelt vurdert	Sum ned- skrivningar
Individuell nedskrivning	0	0	0	14.467	14.467
Utlån og kredittar til kundar	7.756	2.797	1.040	0	11.593
Unyttar kredittar til kundar	423	39	0	0	462
Garantiar til kundar	348	43	104	0	495
Innskot/fordring på kredittinstitusjon	0	0	0	0	0
<b>Sum nedskrivningar</b>	<b>8.527</b>	<b>2.879</b>	<b>1.144</b>	<b>14.467</b>	<b>27.017</b>
Bokført som reduksjon eigendeler	7.756	2.797	1.040	14.467	26.060
Bokført som auke annan gjeld	771	82	104	0	957
<b>Sum nedskrivningar</b>	<b>8.527</b>	<b>2.879</b>	<b>1.144</b>	<b>14.467</b>	<b>27.017</b>

## ENDRING I NEDSKRIVING ETTER IFRS 9

	Steg 1 Modellbasert 12 mnd. tap	Steg 2 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Individuelt vurdert	Sum ned- skrivningar
<b>Nedskrivningar 01.01.2022</b>	<b>9.115</b>	<b>3.354</b>	<b>690</b>	<b>14.223</b>	<b>27.382</b>
Overføringer:					
Overført til trinn 1	630	-606	-24	0	0
Overført til trinn 2	-152	178	-26	0	0
Overført til trinn 3	-229	-16	246	0	1
Netto endring	-860	-15	264	244	-367
Nye tap	376	1	0	0	377
Frårekna tap	-353	-17	-6	0	-376
Endring i risikomodell/parametre	0	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0	0
<b>Nedskrivningar 31.03.2022</b>	<b>8.527</b>	<b>2.879</b>	<b>1.144</b>	<b>14.467</b>	<b>27.017</b>
Konstatert tap	0	0	0	8	8
Inngått på tidligare konstaterte tap	0	0	0	-32	-32
Bokført som reduksjon eigendeler					26.060
Bokført som auke annan gjeld					957
<b>Sum nedskrivningar 31.03.2022</b>					<b>27.017</b>

### NOTE 3 VERDIPAPIR

Denne noten gir informasjon om kva metode som blir nytta til å måle banken sine verdipapir. Banken sine verdipapir blir delt inn i tre grupper eller nivå.

#### Nivå 1

Verdipapira i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av observerbare marknadsverdiar. Banken verdsetter børsnoterte aksjar og fond etter denne metoden

#### Nivå 2

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av verdsettningsteknikkar der forutsetningane er basert direkte eller indirekte på observerbare marknadsdata. Pr 31.13.2020 har ikkje banken verdipapir som blir verdsett etter denne metoden.

#### Nivå 3

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av vurderingar der observerbare marknadsdata ikkje inngår. For dei fleste av verdipapira i denne gruppa har banken verdsett verdipapira til banken sin andel av den bokførte eigenkapitalen i selskapa.

Verdipapir pr 31.03.2021	Antall	Verkeleg verdi (i heile 1000)	Verdsettjingshirarki		
			Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
<b>Pengemarkedsfond</b>					
DNB Likviditet D	94.325	94.911	94.911	0	0
Holberg Likviditet	246.886	25.148	25.148	0	0
Pareto Likviditet	42.270	41.982	41.982	0	0
DNB European Covered Bonds	138.022	93.733	93.733	0	0
DNB Global Treasury	74.927	64.942	64.942	0	0
Dnb OMF	87.070	86.892	86.892	0	0
<b>Sum obligasjons og pengemarknadsfond</b>		<b>407.608</b>	<b>407.608</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

<b>Aksjar og grunnfondsbevis</b>					
Balder Betaling AS	170.031	4.217	0	0	4.217
Brage Finans AS	2.170.040	34.359	0	0	34.359
DNB Bank ASA	15.942	3.249	3.249	0	0
Eiendoms kreditt AS	99.222	15.598	0	0	15.598
Frende Holding AS	36.025	21.751	0	0	21.751
Gjensidige Forsikring ASA	11.193	2.496	2.496	0	0
Lerum Brygge AS	4.000	2.000	0	0	2.000
Luster Energiverk AS	1.359	17.667	0	0	17.667
Norne Securities AS	117.095	237	0	0	237
Verd Boligkreditt AS	40.140	45.498	0	0	45.498
Visa		1.224	0	0	1.224
Kredittforeningen for Sparebanker	460	551	0	0	551
Sogn Sparebank	7.600	1.193	1.193	0	0
Andre aksjer		414	0	0	414
<b>Sum aksjar og grunnfondsbevis</b>		<b>150.454</b>	<b>6.938</b>	<b>0</b>	<b>143.517</b>

<b>Avstemming</b>	<b>Nivå 3</b>
Inngående balanse 01.01	140.827
Realisert vinst/tap	198
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet	3.880
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat	0
Investering	0
Salg	-1.388
<b>Utgående balanse</b>	<b>143.517</b>

**NOTE 4 INNSKOT FRÅ KUNDAR FORDELT PÅ SEKTOR OG NÆRING**

	31.03.2022	31.03.2021	31.12.2021
Lønstakarar	2.299.901	2.165.228	2.259.361
Offentleg sektor	199.000	164.569	184.837
Finans og andre sektorar	113.302	105.174	108.967
<b>Næring</b>			
- Primærnæring	77.595	76.947	59.368
- Industri	26.707	25.883	27.609
- Kraftproduksjon	78.369	19.703	50.750
- Bygg og anlegg	110.022	103.021	123.374
- Handel	38.234	36.217	37.044
- Hotell og resturantdrift	26.979	24.163	33.536
- Transport	8.374	8.850	6.784
- Eigedomsdrift	96.081	97.124	96.456
- Andre tjenesteytande næringar	84.174	73.326	86.753
- Interesseorganisasjonar	8.564	7.016	7.590
<b>Sum innskot</b>	<b>3.167.302</b>	<b>2.907.221</b>	<b>3.082.429</b>

**NOTE 5 INNLÅN FRÅ KREDITTINSTITUSJONAR OG FINANSMARKNADEN**

Innlån frå kredittinstitusjonar				31.03.2022
				Bokført verdi
	Opptak	Forfall	Pålydande	inkl renter
Kredittforeningen for Sparebanker	16.01.2020	10.02.2023	30.000	30.067
Kredittforeningen for Sparebanker	22.01.2021	12.04.2024	30.000	30.095
Kredittforeningen for Sparebanker	29.10.2021	29.11.2023	20.000	20.024
Kredittforeningen for Sparebanker	22.01.2021	12.04.2024	50.000	50.168
Kredittforeningen for Sparebanker	17.06.2021	11.11.2024	35.000	35.077
Kredittforeningen for Sparebanker	29.10.2021	03.02.2026	30.000	30.077
<b>Sum gjeld til kredittinsitusjonar</b>			<b>195.000</b>	<b>195.508</b>
Obligasjonar notert på Nordic ABM				Bokført verdi
ISIN-nr	Opptak	Forfall	Pålydande	inkl renter
NO0010822018	04.05.2018	04.05.2022	20.000	20.057
NO0010835333	01.11.2018	01.11.2022	60.000	60.175
NO0010873573	24.01.2020	24.08.2023	70.000	70.203
NO0010993033	04.05.2021	04.05.2026	60.000	60.019
NO0011036766	25.06.2021	25.06.2025	60.000	60.155
NO0011150534	11.11.2021	11.11.2025	70.000	70.173
Over/underkurs				-98
<b>Sum obligasjonar</b>			<b>340.000</b>	<b>340.684</b>

**NOTE 6 ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV**

	31.03.22	31.03.21	31.12.21
Eigenkapital	612.383	572.714	602.012
- Fradrag for resultat fordi rekneskap ikkje er revidert	-10.750	-6.562	0
- Frådrag	-80.697	-68.523	-75.192
<b>Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)</b>	<b>520.936</b>	<b>497.629</b>	<b>526.820</b>

**Engasjementskategoriar (vekta beløp)**

Statar og sentralbankar	0	0	0
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)	2.492	3.009	2.485
Offentleg eigde foretak	0	12.290	0
Institusjonar	53.271	30.365	40.122
Foretak	35.029	107.238	40.095
Massemarked	386.367	0	391.662
Engasjement med pantetrygd i eigedom	1.131.707	1.501.657	1.157.193
Forfalte engasjementer	77.954	36.929	30.390
Høgrisiko-engasjement	124.437	119.946	152.836
Obligasjonar med fortrinnsrett	0	0	0
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating	0	0	0
Andeler i verdipapirfond	102.671	47.721	31.548
Eigenkapitalposisjonar	79.117	82.985	81.004
Øvrige engasjement	27.055	7.902	51.974
<b>Sum berekningsgrunnlag for kredittisiko</b>	<b>2.020.100</b>	<b>1.950.042</b>	<b>1.979.309</b>

<b>Berekningsgrunnlag operasjonell risiko etter basismetoden</b>	<b>174.982</b>	<b>164.095</b>	<b>174.982</b>
--	----------------	----------------	----------------

<b>Sum berekningsgrunnlag</b>	<b>2.195.082</b>	<b>2.114.137</b>	<b>2.154.290</b>
-------------------------------	------------------	------------------	------------------

Kapitaldekning i prosent	23,73 %	23,54 %	24,45 %
Kjernekapitaldekning i prosent	23,73 %	23,54 %	24,45 %
Rein kjernekapitaldekning i prosent	23,73 %	23,54 %	24,45 %

**KONSOLIDERING AV SAMARBEIDANDE GRUPPER**

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper.

Banken har eigarandel på 6,27 % i Verd Boligkreditt AS og 1,59 % i Brage Finans AS.

	31.03.22	31.03.21	31.12.21
Konsolidert rein kjernekapital	589.695	566.862	591.946
Konsolidert kjernekapital	596.573	573.323	598.051
Konsolidert kapitaldekning	605.738	581.926	606.187
<b>Konsolidert beregningsgrunnlag</b>	<b>2.732.988</b>	<b>2.583.404</b>	<b>2.605.704</b>
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	21,58 %	21,94 %	22,72 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	21,83 %	22,19 %	22,95 %
Konsolidert kapitaldekning	22,16 %	22,53 %	23,26 %

**Banken sine kapitalkrav**

Minstekrav rein kjernekapital	4,50 %
Bevaringsbuffer	2,50 %
Systemrisikobuffer	3,00 %
Motsyklisk buffer	1,00 %
Krav til rein kjernekapital	11,00 %
Krav til kjernekapitaldekning	12,50 %
Krav til kapitaldekning	14,50 %
Banken si vurdering av Pilar 2 krav	2,10 %

**BANKEN SINE KAPITALMÅL**

Banken er ikkje underlagt Pilar 2-krav frå Finanstilsynet.

Sett i samanheng med forventa finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjernekapital, kjernekapital og kapitaldekning på konsolidert nivå.

Mål for rein kjernekapitaldekning	16,00 %
Mål for kjernekapitaldekning	17,00 %
Mål for kapitaldekning	19,00 %

**NOTE 7 LIKVIDITET**

	<b>31.03.22</b>	<b>31.03.21</b>	<b>31.12.21</b>
Liquidity Coverage Ratio (LCR)	<b>286,6 %</b>	<b>137,0 %</b>	<b>180,0 %</b>